



**ALVER**  
KOMMUNE

# TILSYN I BARNEHAGE

Handbok for tilsyn med barnehagar i  
Alver kommune



## Innholdsfortegnelse

Innleiing .....	4
• Om tilsyn og vår metode .....	4
Rettsleg grunnlag.....	4
• Retten og plikta til å føre tilsyn .....	4
• Gjennomføring av tilsyn .....	4
• Barnets beste og retten til å bli hørt .....	5
Førebuing av tilsyn .....	5
Fleksibilitet i val av tilsynsmetode.....	5
Uanmeldt tilsyn .....	5
Endring av tema eller avlyst tilsyn.....	6
Endring av metode og behov for nye undersøkingar .....	6
Vurdering av behov for møte .....	6
Samarbeide på tvers av fagområda.....	6
Risikovurdering ved val av tema, tilsynsobjekt og tidspunkt for tilsynet.....	6
Vurdering av sannsynlegheit og konsekvens .....	7
Ressursar kan påverke val av tema og omfanget på tilsynet .....	7
Kjelder til informasjon om risiko .....	7
Innhenting av informasjon før opning av tilsyn .....	7
Kjelde til informasjon om konsekvensen av brot på regelverket.....	7
Kjelde til informasjon om kor sansynleg det er for brot på regelverket .....	7
Enkeltstående kjelder.....	8
Kjelder omgripande for heile sektoren .....	8
Kjeldekritikk.....	8
Bruk av informasjon frå kjeldene .....	8
Retten til innsyn og melding om brot på.....	9
Kontrollspørsmål .....	9
Bruk av pålegg .....	9
Undersøkingfasen .....	10
Klargjering av eigenvurderingsskjema og RefLex .....	10
Å opne tilsyn.....	10
Krav til forsvarleg utgreiing .....	10
Involvering av barna .....	10
Spørjeskjema .....	10
Stadleg tilsyn .....	11
Førebuing av stadleg tilsyn.....	11

Informasjon utanfor tilsystema.....	11
Tilsynsrapport Avslutningsfase.....	11
Pålegg og korreksjonspunkt .....	12
Foreløpig tilsynsrapport .....	13
Sluttmøte .....	13
Følger av tilbakemeldingar .....	13
Endeleg tilsynsrapport utan brot på regelverket .....	14
Endeleg tilsynsrapport ved brot på regelverket. Vedtak med pålegg om retting.....	14
Fastsetjing av rimeleg frist for retting og tilbakemelding om retting .....	14
Klage på vedtak om pålegg om retting eller stenging .....	15
Retting av regelverksbot og avslutning av tilsyn .....	15
Ikkje tilstrekkeleg retting eller nye regelverksbrot .....	15
Feil i endeleg tilsynsrapport .....	16
Publisering og innsyn i tilsynsrapporten .....	16
Ny vurdering av risiko etter avslutta tilsyn.....	16
Evaluering av gjennomført tilsyn.....	16
Maler og dokument for tilsyn.....	17

## Innleiing

Alver kommune har rolle som barnehagemynde. Kommunen utøver denne myndighetsrolla gjennom rettleiing, tilsyn og godkjenning med alle barnehagane i kommunen. Til grunn for val av verkemiddel ligg risikovurderingar, kommunen skal ha kunnskap om lovverket og kjennskap til barnehagane i kommunen. Private og kommunale barnehagar skal handsamast likt i utøvinga av mynde sine oppgåver.

Denne handboka tar for seg korleis kommunen som mynde utøver tilsyn med barnehagane i kommunen. Gjennom ei felles metodisk tilnærming vil barnehagane oppleve at tilsyna blir gjennomført på ein einsarta måte.

Statsforvaltaren fører tilsyn med korleis kommunen utøver sitt myndeansvar. Denne handboka byggjer på statsforvaltaren si metodehåndbok for tilsyn dei gjennomfører ved kontroll av kommunane si oppfyljing av barnehagelova og opplæringslova.

### Om tilsyn og vår metode

Barnehagelova med forskrift er gitt for å sikre at alle barn får eit godt og likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. Tilsyn på barnehageområde er kontroll av at barnehagane oppfyller pliktene dei er pålagt etter gjeldande regelverk. I tilsynet undersøker barnehagemynde barnehagen sin praksis og gjev barnehagen pålegg om å korrigere dersom praksis ikkje er i samsvar med regelverket.

## Rettsleg grunnlag

### Retten og plikta til å føre tilsyn

Etter Barnehagelova § 53 skal kommunen føre tilsyn med barnehagane i kommunen.

#### § 53 Kommunens tilsyn med barnehagene

*Kommunen fører tilsyn med at barnehagene drives i samsvar med denne loven med forskrifter, med unntak av bestemmelsene i kapittel V med forskrifter.*

*Kommunen kan gi pålegg til barnehagen om å rette uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller forhold ikke lar seg rette, kan kommunen fatte vedtak om tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten.*

*Foreldrerådet skal få mulighet til å uttale seg før kommunen fatter vedtak om stenging.*

*Barnehagen skal uten hinder av taushetsplikt legge fram opplysninger som kommunen trenger for å føre tilsyn. Barnehagen skal gi kommunen adgang til barnehagens lokaler.*

### Gjennomføring av tilsyn

Barnehagelova gjev kommunen som mynde rett til å gjennomføre tilsyn. Det er ikkje lovregulert på kva måte ein skal gjennomføra tilsynet. Kommunen kan berre kontrollere gjennom tilsyn om barnehagen oppfyller plikter som følgje av regelverket. Dette avgrensar tema for tilsynet. Ein kan berre be om opplysningar som er naudsynt for tilsynet.

Barnehagemynde må som forvaltningsorgan følgje dei bestemmingane som gjeld i forvaltningslova samt ulovfesta forvaltningsrettslege prinsipp i gjennomføringa av tilsyna.

Kommunen har eit ansvar for at tilsynet ikkje vert meir omfattande enn nødvendig for å realisere formålet med tilsynet.

Det er ei målsetjing at barnehagane opplever tilsyna som nyttige. Til det ligg at ein i mynde sitt risikovurderingsarbeid prioriterer å kontrollere krav som barnehagen oppfattar som relevante.

Arkivforskrifta regulerer ansvaret kring handtering av arkivverdig informasjon.

Barnets beste og retten til å bli hørt

Grunnloven § 104

*Born har krav på respekt for menneskeverdet sitt. Dei har rett til å bli høyrde i spørsmål som gjeld dei sjølve, og det skal leggjast vekt på meininga deira i samsvar med alderen og utviklingssteget.*

*Ved handlingar og i avgjerder som vedkjem barn, skal kva som er best for barnet, vere eit grunnleggjande omsyn.*

Barnekonvensjonen artikkel 3 og artikkel 12, Grunnloven § 104 og forvaltningslova § 17 gjev barn og unge ein rett til å bli høyrte i saker som vedkjem dei. Ei vurdering av kva som er til beste for barnet, skal alltid verte tatt omsyn til.

Tilliten til, og effekten av tilsynet har samanheng med korleis mynde involverer barnehagen og andre aktørar. Ein kombinerer gjerne rettleiing med tilsyna våre både i forkant og etterkant av tilsynet. Ved bruk av ulike verkemiddel saman, er målet at verkemidla skal understøtte og forsterke kvarande for å auke læringseffekten av tilsynet. Ein kombinasjon av rettleiing og tilsyn bidrar til å auke regelverksforståing og regelverksetterleving.

## Førebuing av tilsyn

### Fleksibilitet i val av tilsynsmetode

Som hovudregel vil barnehagen bli informert om at ein opnar tilsyn. Til vanleg vil ein gjere dette med eit opningsbrev. Som regel har ein vidare i tilsynet behov for at barnehagen sender barnehagemynde relevant dokumentasjon og er med på å leggje til rette for stadeleg tilsyn. Det er ei målsetjing med ei stor grad av openheit ovanfor barnehagen i desse prosessane.

Opning av tilsyn med opningsbrev er ikkje eit krav. Nokre gonger har ein alt nok informasjon til å konkludere med regelverksbrot. Er saka alt opplyst så godt som mogeleg, vil eit brev om opning av tilsyn berre sinke prosessen og føre til at det tar lengre tid før barnehagen rettar brotet på regelverket. I slike tilfelle bør vi varsle pålegg om retting utan å gå vegen om opning av tilsyn gjennom eit opningsbrev.

### Uanmeldt tilsyn

Unntaksvis kan det liggje føre særlege grunnar som seier at det er naudsynt at tilsynet er uanmeldt. Døme på det kan vere ved mistanke om at ein ikkje får eit korrekt bilete av barnehagen sin praksis dersom tilsynet er varsla. I uanmelde tilsyn er formålet å undersøkje det konkrete tilhøvet ein meiner elles ikkje er tilstrekkeleg opplyst. Ein må ved eit slik tilsyn vere særleg merksam på at dei tilsette i barnehagen har sine daglege oppgåver dei skal ivareta. Til vanleg må ein supplere eit slik uanmeldt tilsyn med andre undersøkingar.

## Endring av tema eller avlyst tilsyn

Når ein mottar skiftleg dokumentasjonen frå barnehagen, kan denne vise at det er lav risiko for brot på regelverket på eitt eller fleire av tema tilsynet omfattar. Det kan då bli gjort ei vurdering om ein i det vidare skal avgrense tema for tilsynet, slik at tilsynet ikkje vert meir omfattande enn risikovurderinga tilseier. Dokumentasjonen kan tilsvarande vise at det ikkje lenger er noko risiko for brot på regelverket innanfor tema i tilsynet og/eller at barnehagen alt har sett i gang eigna rettingstiltak. Det vil då blir gjort ei vurdering om ein skal endre eller avlyse tilsynet. Ved ei slik avgjersle skal ein alltid gje barnehagen ei tilbakemelding om dette.

## Endring av metode og behov for nye undersøkingar

Undervegs i tilsynet kan tilsynsmynde velje å endre metodar for undersøkinga.

Til dømes kan eit tilsyn opphaveleg vere opna som eit skriftleg tilsyn. Ved gjennomgang av tilsendt dokumentasjon kan mynde gjere ei vurdering at ein treng hente inn ytterlegare informasjon gjennom eit stadleg tilsyn. Tilsvarande kan innsendt skriftleg dokumentasjon vere tilstrekkeleg dekkjande til at mynde vurderer at ein ikkje treng å gjennomføre stadleg tilsyn sjølv om det var planlagt.

Ein skal ikkje gjere eit tilsyn meir ressurskrevjande for barnehagen og barnehagemynde enn naudsynt.

## Vurdering av behov for møte

Det er barnehagemynde som vurderer om det er tenleg å halde formøte, opningsmøte eller sluttmøte. Ein vil vekte ressursbruken i tilsynet opp mot nytten møta vil ha for barnehagen. Om eit tilsyn vert kombinert med rettleiing, er det som regel naudsynt å leggje opp til møte der ein kan rettleie barnehagen om krava i regelverket.

## Samarbeide på tvers av fagområda

Tilsyn kan samordnast med tilsyn på andre fagområda der vi har tilgrensa tema. Tilsynsaktivitetane skal gjennomførast etter handboka, men ein kan elles tilpasse den praktiske gjennomføringa. Ved tilsyn på tvers av fagområda kan det vere teneleg å skrive ein felles rapport med tanke på barnehagen som mottakar. Rapporten må innehalde dei rettslege krava, observasjonar, vurderingar, positive- og negative konklusjonar, mogelege pålegg og korreksjonspunkt.

## Risikovurdering ved val av tema, tilsynsobjekt og tidspunkt for tilsynet

Risikovurderingar er utgangspunkt for alle tilsyna. I tilsynsarbeidet definerer ein risiko som resultatet av kor sannsynleg det er, og konsekvensen av, eit brot på regelverket. Skal ein vurdere risiko, må ein vurdere kor sannsynleg det er at eit krav i regelverket ikkje blir oppfylt, og ein må vurdere konsekvensane av det mogelege brotet på regelverket. Ei mangefull oppfylling av regelverket, vil få konsekvensar. Kva som vil vere konsekvensen, vil oftast følgje av formålet med lovkravet. Når ein vurderer konsekvensane, må ein i tillegg ta omsyn til kven som kan bli ramma. Omsorga for sårbare grupper er ein del av denne vurderinga. Konsekvensen av at kommunen ikkje oppfyller rettane til sårbare grupper, for eksempel barn som har behov for spesialpedagogisk hjelp, kan ofte vere meir alvorleg enn for andre grupper. Risikoen er høgare etter kor sannsynleg det er at kravet ikkje blir følgd, og jo større konsekvensar brotet på regelverket vil få.

I forarbeidet til barnehagelova, opplæringslova og tilsynskapittel i kommunelova, er det tydeleg sagt at risiko skal styre tilsyna.

Risikovurderingar skal styre

- Kva tema vi vel å føre tilsyn med

- Kva barnehage vi vel å føre tilsyn med
- Kor tid vi skal gjennomføre tilsynet

### Vurdering av sannsynlegheit og konsekvens

I sannsynlegheitsvurderinga er oppgåva å finne fram til kvar sjansen for brot på regelverket er størst. Mynde må vurdere innafor kva tema, og i kva barnehage det er mest sannsynleg at der er brot på regelverket. Konsekvensvurderinga skal gje grunnlag for eit treffsikkert tilsyn ved at vi vel dei tema der brot på regelverket har mest negative konsekvensar. Likevel er det ikkje eit uttrykk for at barnehagane kan unnlata å etterleve dei reglane der konsekvensen av brot kan vere mindre alvorleg. Barnehagen si plikt gjeld for alle krava i regelverket, men kommunen sine tilsyn skal vere retta mot dei reglane der konsekvensen av brot på regelverket er størst.

### Ressursar kan påverke val av tema og omfanget på tilsynet

I tillegg til å vurdere kor alvorleg konsekvensen av ulike brot på regelverket er, er det relevant å vurdere korleis ein innrettar tilsynet for å oppnå størst mogeleg reduksjon i den samla risikoen for regelverksbrot. Ved å velje tema som er mindre ressurskrevjande å føre tilsyn med, har ein høve til å nå fleire barnehagar enn om ein vel meir ressurskrevjande tema. Ei slik vurdering må likevel ikkje føre til at ein vel å føre tilsyn med tema som er lite relevante.

### Kjelder til informasjon om risiko

Risikovurderingane skal i størst mogleg grad bygge på eksisterande informasjon ved val av tilsynsystema og barnehage. Ein skal ta utgangspunkt i den informasjonen som er tilgjengeleg. Ein bør berre innhente ny informasjon frå barnehagen dersom det er heilt naudsynt. Dette kan vere aktuelt dersom ein trur det er høg risiko på eit tema. Ein vil ofte ha trong for opplysningar direkte frå barnehagen for å vere mest mogleg treffsikker i val av tema og omfang for tilsynet.

### Innhenting av informasjon før opning av tilsyn

Barnehagemynde kan hente inn informasjon til risikovurdering i planlegging av tilsyn, jf. kommunelova § 30-3. Informasjonsinnhenting må vere naudsynt for å utføre tilsyn. Informasjon skal i utgangspunktet avgrensast til det ein treng for å vurdere om risikoen viser at vi bør opne tilsyn. I vurderinga av kva som er naudsynt, må ein likevel vege vår eigen nytte av informasjonen opp mot den belastninga kravet om informasjonsinnhenting er for barnehagen.

### Kjelde til informasjon om konsekvensen av brot på regelverket

Det er ingen kjelder som gjev eit tydeleg svar på kva brot på regelverket som gjev mest alvorlege konsekvensar. Signal frå t.d. stortingsmeldingar, sentrale og lokale satsingar og media, kan vere eit uttrykk for kva tema samfunnet ser som viktige å etterleve. Kjelder til informasjon om risikovurderinga kan vere

- Politiske dokument som til dømes stortingsmeldingar, dokument frå Barneombodet,
- Foreldreutvalet for barnehagar
- Rettslege dokument som til dømes lovforarbeid og rettleiarar
- Nasjonale satsingar og kampanjar
- Forskningsresultat
- Opplysningar frå andre tilsynsmynde
- Meldingar frå foreldre, barnehagelærarar og assistentar

### Kjelde til informasjon om kor sannsynleg det er for brot på regelverket

Det er stor variasjon i kor gode kjelder vi har, og i kva grad dei kan seie noko om kva tema eller

tilsynsobjekt det er mest sannsynleg for brot på regelverket. For å kunne fastsetje risiko best mogeleg, må mynde klargjere kva kjenneteikn eller indikatorar som kan seie noko om sannsynlegheit for brot på regelverket knytt til det enkelte tema. Vidare må ein finne kjelder som sier noko om korleis dette slår ut for barnehagane. Ein har to hovudtypar kjelder: enkeltstående og omgripande for heile sektoren.

## Enkeltstående kjelder

Døme kan vere:

- meldingar frå tilsette eller andre tilknytt barnehagen eller kommunen
- informasjon frå klagesaker
- informasjon vi sjølve har funne i tidligare tilsyn
- nyheitssaker i media
- rapportar frå forvaltningsrevisjon

Enkeltstående kilder har fleire fellestrekk. Dei knyter seg som regel til ein enkelt barnehage. Ein veit ikkje når dei kom, kva type informasjon dei vil innehalde, og kvaliteten på informasjonen er varierende.

## Kjelder omgripande for heile sektoren

Kjelder som griper om heile sektoren er svært ulike. Det dei har til felles er at dei inneheld informasjon om alle, eller nesten alle, barnehagane eller kommunane. Dei kjem gjerne på faste tider og med jevne mellomrom. Døme på det er:

- rapportering i BASIL
- kommunedata frå KOSTRA
- tilstandsrapport

Kjelder som grip om heile sektoren er viktige fordi dei gjev oss informasjon om barnehagane. At fleire av kjeldene, som t.d rapportering i Basil, er årlege hendingar, gjer at ein kan sjå utvikling over tid.

## Kjeldekritikk

Ved handsaming av informasjon frå kjeldene, må ein kritisk vurdere verdien av informasjonen, og kva den kan fortelje oss. Følgjande spørsmål må stillast i vurderinga:

- Kor truverdig er informasjonen?
- Er informasjonen objektiv?
- Er informasjonen eigna til bruk i risikovurderingane vår?
- Er det potensielle feilkilder i informasjonen?
- Kjenner vi til andre tilhøve som svekker eller styrkjer informasjonen?

Svara på spørsmåla over vil seia noko om vektinga av informasjonen. Nokre kjelder gjev betre informasjon enn andre.

## Bruk av informasjon frå kjeldene

All informasjon barnehagemynde får frå kjeldene inngår i kunnskapsgrunnlaget. I vurderinga av korleis ein skal følgje opp informasjonen vert det gjort ei avveging mellom omsynet til den eller dei som er skadelidande av det eventuelle brotet på regelverket og omsynet til effektiv ressursbruk. Det vil bli gjort ei vurderinga om tilsyn er det beste verkemiddelet, eller om det er andre mogelege tiltak som kan ha ei større effekt. Dersom eit brot på regelverket skuldast manglande vilje hjå barnehagen, er tilsyn eit eigna verkemiddel. Ønskjer barnehagen å rette opp eit brot på regelverket, er tett rettleiing ofte eit betre eigna verkemiddel.



Det kan i einiske tilfelle t.d. vere tenleg at ein etter ei konkret melding ber barnehagen sjølv gjere greie for den aktuelle saka. Gjennom ein slik praksis gjer ein barnehagen merksam på at ein er kjend med saka, og at det i seg sjølv kan vere ei oppmuntring for barnehagen til å forsøkje å rette opp praksis.

### Retten til innsyn og melding om brot på

Meldingar frå privatpersonar om mogelege brot på regelverket vert vurdert unntatt frå innsyn etter offentleglova § 24 andre ledd første punktum. Når vi gjer unntak frå offentlig innsyn er det av omsyn til verving av naudsynnte interesser. Det er viktig at foreldre, tilsette og leiarar i barnehagar kan gje opplysningar utan at det blir kjent kven opplysningane kjem frå. Meldinga vil som regel vere basert på egne erfaringar, og vil kunne gje verdifull informasjon om barnehagen sin praksis. Informasjon frå meldingar vil kunne føre til at vi opnar tilsyn med eit bestemt tema.

### Kontrollspørsmål

Dei rettslege krava som skal kontrollerast i tilsynet, skal formulerast i eitt eller fleire kontrollspørsmål. Kontrollspørsmåla skal vere ja/nei-spørsmål, der svaret nei betyr at det føreligg eit brot på regelverket.

Ved å bruke kontrollspørsmål i tilsyna, sikrar ein både at alle rettslege relevante problemstillingar er dekkja av tilsynet, og at ein kontrollerer alle barnehagane i høve til dei same krava for å sikre likehandsaming. Kontrollspørsmåla vert nytta i utforming av korreksjonspunkt.

Kontrollspørsmåla skal vere uttømmmande i den forstand at dei skal dekke alle dei rettslege relevante problemstillingane tilsynet skal omfatte.

#### Døme på bruk av kontrollspørsmål

Forvaltningsloven § 27 tredje ledd sit fleire krav til korleis enkeltvedtak skal utformast. Eit kontrollspørsmål til bestemmelsen er:

Bli det i enkeltvedtaka opplyst om klagerett, klagefrist, klageorgan og kvar klagen skal sendast?

Når vi vurderer om dette kontrollspørsmålet er oppfylt, må vi vurdere om vedtaket inneheld fire ting:

- Klagerett
- Klagefrist
- Klageorgan
- Kvar klagen skal sendast

Dersom ein av tinga manglar, er svaret på kontrollspørsmålet nei. Vi må likevel tilpasse korreksjonspunktet til dei konkrete manglane vi har funne.

### Bruk av pålegg

Når det blir «nei» på eit kontrollspørsmål, skal barnehagemynde gje barnehagen pålegg om å rette dei tilhøva som er i strid med regelverket. Det må av den grunn utformast tekst til alle dei rettslege krava i kontrollskjemaet. I praksis vil pålegget ofte ligge nært opp til lovteksten. Ein trengjer likevel ikkje å gjengje heile lovbestemmelsen i pålegget. Pålegget skal alltid vise til det konkrete kravet som er brote, slik at det er tydeleg for barnehagen kva lovgrunnlag som ligg til grunn for pålegget om retting. Saman med korreksjonspunkta vil teksten i pålegget gje barnehagen den informasjonen den treng for å rette brotet på regelverket.

## Undersøkingfasen

### Klargjering av eigenvurderingsskjema og RefLex

RefLex er eit verktøy frå utdanningsdirektoratet som skal gje barnehagane hjelp til å vurdere om praksis er i samsvar med regelverket innanfor utvalde tema. I gjennomføringa av tilsyn med eit tema som ligg i RefLex, vil ein be barnehagen fylle ut eigenvurdering i RefLex viss ein skal nytte eigenvurdering i tilsynet. Dersom temaet ikkje er tilgjengeleg i RefLex, kan barnehagemynde sjølv lage eigenvurderingsskjema til bruk i tilsynet. Både RefLex og andre eigenvurderingsskjema skal innehalde spørsmål for eigenvurdering som barnehagane skal svare på. Eigenvurderingsspora skal vere knytt til krava i regelverket, og vere eigna til å gje informasjon som kan brukast til å svare på kontrollspørsmåla. Eigenvurderingsspora skal utformast som ja/nei-spørsmål, på same måte som kontrollspørsmåla.

Ved utforming av eigenvurderingsspora må ein ta omsyn til målgruppa for spørsmåla. Vi bør t.d. unngå å bruke interne omgreper eller uttrykk frå lova som ikkje er kjente for alle. Spørsmåla bør utformast slik at dei i størst mogeleg grad er relatert til den rolla målgruppa har.

### Å opne tilsyn

Som vist til tidlegare i dokumentet opnar barnehagemynde som regel tilsynet ved eit opningsbrev. Ein nyttar då eigen mal for det. Er saka tilstrekkeleg opplyst i førebuingfasen vil ein med ein gang varsle om eventuelle behov for rettingar ved avdekking av brot. Dette gjer ein for å unngå unødig tid før barnehagen vert informert om regelverksbrotet, og at brotet vert retta.

Varsel om pålegg vert gjort gjennom eit eige brev med varsel om pålegg om retting. Brevet må innehalde dei same opplysningane som ein forebels tilsynsrapport, men er ofte kortere ettersom det som regel omfattar eit avgrensa tema. Barnehagemynde ivaretar barnehagen sin rett til kontradiksjon gjennom varselet om pålegg om retting. Barnehagen får anledning til å uttale seg om dei vurderingar og konklusjonar som er gjort.

Eit eige formøte med barnehagen kan vere aktuelt både ved skriftlege og stadlege tilsyn. Ved stadlege tilsyn har vi som regel eit opningsmøte. Vi må vurdere om opningsmøte kan erstatte behovet for eit formøte. Bruk av slike møte vil til ei kvar tid verte vurdert opp mot forsvarleg tids- og ressursbruk.

### Krav til forsvarleg utgreiing

Barnehagemynde skal opplyse saka så godt som mogeleg før vedtak jfr. Forvaltningslova § 17. Vurdering av om saka er tilstrekkeleg opplyst heng saman med kompleksiteten i saka og betydning av vedtaket. Generelt er saka tilstrekkeleg opplyst når ein med rimeleg sikkerheit kan vurdere og konkludere på alle kontrollspørsmåla, og når andre opplysningar truleg ikkje vil endre konklusjonane.

### Involvering av barna

Ein skal involvere barn når dei kan bidra til å svare på kontrollspørsmål i tilsynet. Barnehagemynde skal alltid bruke dei som informasjonskjelde der dei kan bidra med informasjon. Vi må vege involvering ut i frå barnet sin alder og modning.

### Spørjeskjema

Spørjeskjema, dvs eit oppsett av spørsmål mottakar skal svare på utan ytterlegare utgreiing, kan vere aktuelt å bruke i tilsynet, særleg om ein ønskjer å nå mange. Spørsmåla må tilpassast målgruppa. Svara må kunne nyttast når ein skal svare på kontrollspørsmåla i tilsynet.

## Stadleg tilsyn

Stadleg tilsyn krev at barnehagemynde førebur seg godt. Kva aktivitetar ein gjennomfører vil vere styrt av kva opplysningar ein treng. Som hovudregel har ein tatt stilling til om det skal gjennomførast stadleg tilsyn før ein opnar tilsynet. Men, som vist til tidlegare kan det førekome at ein vel å endre frå skiftleg tilsyn til stadleg etter at tilsynet er opna.

Dersom den skriftlege dokumentasjonen fullt ut besvarar kontrollspørsmåla, er det ikkje naudsynt å gjennomføre et stadleg tilsyn.

## Førebuing av stadleg tilsyn

Barnehagemynde gjennomgår dokumenta som barnehagen har sendt inn, samt anna relevant informasjon om barnehagen som ein alt har tilgang til.

Før ein gjennomfører eit stadleg tilsyn må ein ta stilling til kva informasjon ein treng for å kunne svare på kontrollspørsmåla. Informasjonsbehovet vil vere styrande for kven ein ønskjer å snakke med, kva vi skal spørje om, kva andre kjelder til informasjon ein bør vurdere/sjå på, om ein treng at barnehagen skal førebu noko, og tidsbruk.

Ein vil i tilsynet nytte ulike arbeidsdokument som intervjuguid, planar for gjennomgang av andre informasjonskjelder og liknande.

Det vil på førehand bli utarbeidd eit program med tidsplan for eventuelt åpningsmøte, intervju, synfaring og gjennomgang av dokumentasjon, system eller liknande. Det vil bli lagt inn tid til avslutning og førebuing av dei ulike aktivitetane, samt tid til oppsummering og drøfting internt. Program for tilsynet vil bli tilsendt barnehagen seinast ein veke før tilsynet.

## Informasjon utanfor tilsynsystema

Informasjon som tilkjem tilsynsmynde i gjennomføringa av tilsynet og som ikkje er del av tilsynsystemaet, vil inngå i framtidig risikovurdering.

## Tilsynsrapport Avslutningsfase

Resultatet frå tilsynet skal gjerast kjent for barnehagen i ein tilsynsrapport. Barnehageeigar / styrar er mottakar av rapporten.

Ved kvart tilsyn skal det skrivast ein førebels tilsynsrapport som summerer opp dei funna som blir gjort, og vurdering av tilstand. Eigar/styrar kan gje eit tilsvar til rapporten innan ein fastsett frist. Etter dette vert det skrivne ein endeleg rapport med eventuell frist for retting. Dersom det ikkje vert avdekket avvik, vert sluttrapporten skriven. Denne skal sendast til barnehagen. Resultatet av tilsynet kan verte:

- Ingen avvik
- Avvik: Avvik er mangel på oppfyling av krav fastsett i, eller i medhald av lov og forskrift. Avvik fører til varsel om pålegg om retting.

Dersom det vert avdekket brot på regelverk vert det skrivne tilsynsrapport. Her påpeikar mynde regelbrotet som er funne, og kva barnehagen må gjere for å rette opp eigen praksis. Tilsynet vert avslutta når brotet på regelverk er retta opp.

Tilsynsrapporten skal mellom anna skildre tema for tilsynet, dei rettslege krava, tilsynet sine Vurderingar, og både positive og negative konklusjonar. Tilsynsrapporten må tilfredsstille krav til å kunne etterprøvast. Barnehagen må kunne forstå vurderingar og konklusjon gjennom teksten i rapporten. Det skal gå frem av rapporten at konklusjonane byggjer på eit konkret kildemateriale og tar utgangspunkt i status på det tidspunktet tilsynsrapporten er datert.

Kontrollspørsmåla gjev struktur for tilsynsrapporten. Barnehagemynde må skildre vurderingar og konklusjonar knytt til kvart av kontrollspørsmåla. Dersom barnehagemynde vel å skildre observasjonar og vurderingar for fleire kontrollspørsmål samla, er det viktig å gje tilstrekkeleg informasjon til å kunne ta stilling til det ein skilde kontrollspørsmålet.

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd eige sjekklister for kvalitetssikring av tilsynsrapportar:

[Sjekklister -kvalitetssikring av tilsynsrapporter.](#)

### Pålegg og korreksjonspunkt

Etter barnehagelova § 53 kan kommunen gje retting av «uforsvarlige eller ulovlige forhold». Tilsynet kan omfatta alle myndigheitskrav, dvs. krav som er stilt i barnehagelova med forskrift. Kommunen skal sjå til at verksemdene vert drivne innfor ramma av godkjenning, at vedtektene til barnehagen ikkje er i strid med lova, og at fagleg innhald er i samsvar med lov og rammeplan og ellers er forsvarlege.

Tilleggskravet om forsvarleg drift skal fungere som ein sikkerheitsventil. Det vil seie at tilhøve som ikkje direkte er regulert av barnehageloven, men som likevel kan føre til uforsvarlege tilhøve for barna, skal verte fanga opp, jf. § 16 jf. Ot.prp. nr. 76 (2002-2003). Ved utøving av tilsyn vil tilsynsmynde ha eit heilskapleg blikk på verksemda. Det vert stilt krav til barnehagen sine lokal og drift også i anna lovverk, jfr. mellom anna plan- og bygningsloven, arbeidsmiljølova og forskrift om miljørettet helsevern i barnehagar og skular mv. fastsett 1. desember 1995 nr. 928.

Helsemyndighetene, plan- og bygningsmyndighetene og andre har sjølv ansvar for sine område, men barnehagemynde har eit overordna ansvar for barnehagane og må leggje opp til eit nært samarbeid med dei øvrige aktuelle instansane, både i godkjeningsprosessen og ved seinare tilsyn, jfr. Ot. prp. nr. 72 (2004- 2005).

Når barnehagemynde avdekkjer brot på regelverket, skal barnehagen gjennom tilsynsrapporten få varsel om pålegg om å retta opp tilhøva. Pålegg vert gjeve som enkeltvedtak iht. forvaltningsloven § 2 bokstav b. Pålegget skal vise til det konkrete kravet som er brote. Det skal vere tydeleg for barnehagen kva lovgrunnlag som ligg til grunn for pålegget om retting. Sammen med korreksjonspunkta vil teksten i pålegget gje barnehagen den informasjonen den treng for å rette brotet på regelverket.

For kvart pålegg skal eit eller fleire korreksjonspunkt skildre konkret kva barnehagen må gjere for å rette regelverksbrotet. Det skal skildrast konkret kva barnehagen må gjere for å fylla kravet. Det vil vere opp til barnehagen sjølv, innfor gjeldande regelverk, å finne ut korleis dei ønskjer å fylla kravet. Korreksjonspunkta skal setje barnehagen i stand til å vurdere kva tiltak dei bør iverksetje for å rette brot på regelverket. Det kan vere fleire korreksjonspunkt under eit pålegg, men same korreksjonspunkt kan ikkje stå under flere pålegg. Korreksjonspunkta vil som oftast spegle kontrollspørsmåla. Jo meir konkret kontrollspørsmåla er, jo tydelegare blir korreksjonspunkta. Om eit kontrollspørsmål inneheld fleire krav som skal vere oppfylt, skal korreksjonspunktet berre omfatte den delen av kontrollspørsmålet som ikkje er oppfylt.

Når kravet i regelverket viser til ein standar der ein kan utøve skjønn, har barnehagen eit handlingsrom, og barnehagemynde må vere varsam med å ta stilling til kva barnehagen skal foreta seg. I slike tilfelle må barnehagemynde utforme korreksjonspunkta meir generelt. Det skal likevel komme tydeleg frem i tilsynsrapporten kva som vert lagt til grunn som rettsleg krav, og kvifor barnehagemynde meiner at barnehagen sin praksis ikkje oppfyller kravet.

### Foreløpig tilsynsrapport

Barnehagemynde skal formidle tilsynsresultata i ein førebels tilsynsrapport, og gje varsel om pålegg om retting av brot på regelverket. Rapporten er eit førehandsvarsel etter [forvaltningslova § 16](#). Hensikta med å sende ut førehandsvarsel er å gje barnehagen høve til å bli kjend med vurderingar og resultat som er komme fram i tilsynet. Barnehagen har rett til å uttale seg om innhaldet, og kan uttale seg om alle sider av saka. Barnehagen skal etter lova få rimeleg frist for tilbakemelding, normalt to veker. Det er kun innhaldet i rapporten som barnehagen skal forstå og kommentere. Det er ikkje meninga at fristen skal vere romsleg nok til at barnehagen kan gjennomføre retting av dei varsla pålegga, då frist for retting kjem i endeleg tilsynsrapport.

Det kan gjevast innsyn i den foreløpige tilsynsrapporten.

### Slutt møte

Barnehagemynde vil gjennomføre slutt møte dersom det er nyttig for barnehagen. Slutt møte kan haldast både i stadlege og skriftlege tilsyn. Slutt møtet kan vere tilsynet sitt første møte. Opningsmøte må ikkje vere gjennomført for å ha eit slutt møte. Det er naturleg å halde slutt møte i tidsrommet mellom den førebelse tilsynsrapporten og barnehagen sin frist for å uttale seg. Barnehagen bør få minst eit par dagar til å setje seg inn i rapporten før møtet. Slutt møtet vert til vanleg gjennomført i barnehagen, men kan og verte gjennomført hjå mynde. Deltakarar er dei som har deltatt i tilsynet.

Dersom det ikkje vert avdekka brot på regelverket, er det ikkje nødvendig med eit slutt møte. Hensikta med slutt møte er å sikre grunnlag for at varsel om pålegg er tydeleg kommunisert og forstått. Temaet for møtet er derfor funn, vurderingar og konklusjonar. Det er viktig at barnehagen forstår tilsynsrapporten, pålegg og korreksjonspunkt for å kunne rette brot på regelverket. Forståing skal i utgangspunktet vere sikra gjennom teksten i tilsynsrapporten. Informasjon barnehagemynde gjev i slutt møte, skal ikkje erstatte informasjon i tilsynsrapporten. Barnehagemynde kan utdjupe og forklare, men ikkje presantere ny poeng og moment eller diskutere mogelege løysingar for korleis barnehagen skal rette brot på regelverket. Det bør vere rom for at barnehagen kan stille avklarande spørsmål. Barnehagen kan gje uttrykk for om den er samd eller usamd. Dersom barnehagen har kommentarar den vil at barnehagemynde skal ta omsyn til i den endelege rapporten, bør barnehagen sende desse som svar på den foreløpige tilsynsrapporten.

### Følgjer av tilbakemeldingar

Dersom barnehagen si tilbakemelding på den foreløpige tilsynsrapporten tilseier det, må teksten i endeleg tilsynsrapport endrast. Tilsvarande gjeld der ein frå anna hald får opplysningar som tilseier at tolkning av regelverket, forståing av faktum eller konklusjonar, ikkje er riktige. Tilbakemeldingar må vurderast opp mot lovtekst, forarbeid, rundskriv og andre rettskjelder. Dersom barnehagemynde er samd med barnehagen, må barnehagemynde revurdere aktuelle kontrollspørsmål, gjere naudsynte endringar i teksten og eventuelt i pålegg og korreksjonspunkt. Tilsynsrapporten skal spegle situasjonen på tidspunktet den er datert. Barnehagemynde må omtale både barnehagen sin uttale og egne vurderingar av uttalen. Dette gjeld uavhengig av om uttalen medfører endringar i konklusjonane.

Dersom konklusjonar vert endra slik at det kjem andre pålegg enn dei som er varsla i den førebelse rapporten, skal barnehagen på ny førehandsvarslast. Dersom rettsgrunnlaget for eit pålegg må endast, t.d. viss det er vist til feil lovgrunnlag, må også nytt varsel sendast, jf. [forvaltningsloven § 16](#). Endeleg tilsynsrapport kan kun innehalde brot på regelverket og påleggstekstar som barnehagen har fått varsel om. Dersom konklusjoner vert endra til gunst for barnehagen, skal det aktuelle pålegget eller korreksjonspunktet takast ut av tilsynsrapporten. Har barnehagen retta alle regelbrot slik at alle kontrollspørsmåla kan svarast ut positivt, vert tilsynet avslutta med endeleg tilsynsrapport.

### Endeleg tilsynsrapport utan brot på regelverket

Når barnehagemyndene ikkje har avdekket brot på regelverket, avsluttar barnehagemyndene tilsynet med endeleg tilsynsrapport. Det er ikkje krav at barnehagemyndene først har sendt førebels tilsynsrapport etter forvaltningslova § 16. I tilsynsrapporten skal dei rettslege krava, vurderingar og konklusjonar kome tydeleg fram slik at barnehagen kan forstå og vurdere innhaldet i rapporten. Det skal kome fram kva som er vurdert, både rettskrav og faktum, og kvifor barnehagemyndene har konkludert med at praksis er etter lova. Opplysningar om varsla pålegg og korreksjonspunkta, klageadgang og frist for rettingar, vert ikkje inkludert i tilsynsrapporten når ein ikkje har funnet brot på regelverket.

### Endeleg tilsynsrapport ved brot på regelverket. Vedtak med pålegg om retting

Dersom det vert avdekket brot på regelverket, vert det gjort vedtak om pålegg om retting. Dette gjer barnehagemyndene i eit eige brev. Vedtaket skal spegle situasjonen på tidspunktet for vedtaket. Vedtak med pålegg om retting er å rekna som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. Enkeltvedtak kan påklagast etter forvaltningsloven kap. VI.

Etter [forvaltningsloven § 27](#) skal vedtaket innehalde:

- rett til å klage, jf. [forvaltningsloven § 28](#)
- klagefrist, jf. [forvaltningsloven § 29](#)
- klageinstans, jf. [forvaltningsloven § 28](#)
- framgangsmåte ved klage, jf. [forvaltningsloven §§ 30 og 32](#)
- rett til innsyn i dokument i saka, jf. [forvaltningsloven §§ 18 flg.](#)
- rett til å be om utsett iverksetjing, jf. [forvaltningsloven § 42](#)

I vedtaket skal barnehagemyndene vise til heimel for pålegg om retting, foreløpig rapport og tilbakemelding på rapporten. Dersom barnehagen har retta brot slik at konklusjonane vert endra til gunst for barnehagen, vert desse pålegga eller korreksjonspunkta ikkje inkludert i vedtaket. Det vert fastsett ein frist for tilbakemelding om retting av pålegga.

### Fastsetjing av rimeleg frist for retting og tilbakemelding om retting

Barnehagen skal få ein rimeleg frist til å rette regelverksbrot ved pålegg om retting. Normalt bør fristen ikkje vere kortare enn tre veker. Om det vert fastsett ein relativt lang frist for retting, bør barnehagemyndene be om å få statusoppdateringar undervegs.

Barnehagemyndene vil gjere ei konkret vurdering av kor lang frist som er naudsynt med utgangspunkt i kva brot som gjenstår, kor krevjande det vil vere å rette, og kva konsekvensar det kan få at brotet heldt fram. Fristen skal vere tilpassa type brot og omfang, og vere tilstrekkeleg til at barnehagen skal ha høve til å rette opp og gje tilbakemelding om kva tiltak som er iverksett. Fristen skal ikkje vere lenger enn det som er naudsynt for at barnehagen skal kunne rette regelbrotet.

Når barnehagemyndene skal fastsetje frist for retting, vert ulike moment vege mot kvarandre.

Moment som kan tale for ein relativt kort frist er:

- brotet har umiddelbare negative konsekvenser for barnehagebarn, eller andre involverte
- brotet kan rettast gjennom relativt raske prosessar i barnehagen
- brotet var kjent av barnehagen før tilsynet

Barnehagemynde bør ta omsyn til om det er manglande kompetanse hjå barnehagen som kan vere årsaken til brota, eller om det er manglande vilje til å oppfylla regelverket som ligg bak. Barnehagen kan ikkje oversjå eller trenere krav i regelverket fordi dei ikkje ønskjer å disponere økonomiske ressursar til retting. Ved utløpet av rettefristen skal barnehagen skriftleg gje melding om at pålegga er oppfylt og gjere greie for korleis dei er retta.

### Klage på vedtak om pålegg om retting eller stenging

Barnehagen kan klage på vedtak. Klagen skal sendast til Alver kommune. Kommunen kan avvise, oppheve, endra eller oppretthalde vedtak, jf. [forvaltningsloven § 33](#). Dersom barnehagemynde opprettheldt vedtaket, vert saka klartgjort og sendt vidare til statsforvaltar for endeleg avgjerd.

### Retting av regelverksbot og avslutning av tilsyn

Barnehagemynde må ta stilling til om tiltaka barnehagen har gjennomført for å rette brotet, er tilstrekkeleg til å etablere ein lovleg praksis, og om det er sannsynleg at barnehagen vil følgje ny praksis over tid. Ut frå barnehagen si utgreing, og eventuelt anna informasjon barnehagemynde har bede om, eller mottatt i perioden, vert det vurdert om rettinga er sannsynleggjort. Barnehagemynde vurderer om endringa er tilstrekkeleg til å konkludere med at pålegga er oppfylt, og regelbrota er retta.

Regelbrot vil ofte handle om barnehagen sin praksis. Til dømes kan det vere ein innarbeidd framgangsmåte eller aktivitet, som skjer på bestemte tidspunkt av året. Normalt er det ikkje naudsynt å vente med å konkludere til barnehagemynde har sett at barnehagen over tid har endra praksis. Viss gjennomførte tiltak er tilstrekkelege, er rettinga gjort sansynleg. Kva som er tilstrekkeleg, må verte vurdert konkret i den enkelte sak. Vurderinga avheng av kva regelbrot det er, og kva kompetanse og vilje barnehagen har til å endre praksisen sin. Barnehagen må ha iverksett alle dei tiltaka som er naudsynt for å få etablert og implementert ny praksis.

Når barnehagemynde konkluderer med at barnehagen har retta alle regelbrot, vert tilsynet avslutta i eit eige brev. Det vert der påpeika at konklusjonen byggjer på undersøkingar i tilsynet, og status på det tidspunktet brevet er datert.

### Ikkje tilstrekkeleg retting eller nye regelverksbrot

Tilsynet skal ikkje avsluttast før det er gjort sansynleg at barnehagen har oppfylt pålegga, og såleis retta alle regelbrota. Når dette ikkje er gjort sansynleg, må vedtaket følgjast opp. Oppfølging må vurderast ut frå kva som er mest teneleg ut fra kjennskap til barnehagen, og kva pålegg som ikke er oppfylt.

Barnehagemynde kan i brev til barnehagen konstatere at pålegg ikkje er oppfylt, og gje barnehagen ny frist for retting. Det vil blir gjeve uttrykk for alvoret ved at regelbrota heldt fram. Tilsvarende kan det verte gjennomført møte. Barnehagemynde kan gje varsel om stenging av barnehagen. Viss frist for å etterkome pålegget ikkje vert halde, eller viss tilhøvet ikkje lar seg rette, kan kommunen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda, jf. [barnehageloven § 16](#). Stenging er ein dramatisk reaksjon ovanfor barnehageeigar, barn og foreldre, og bør derfor først nyttast dersom det er gjeve pålegg om retting, og fristen for å rette opp tilhøva er ute. Barnehagemynde må i tillegg vurdere det forholdsmessige. Vedtak om stenging må verte sett i



høve til det ulovlege eller uforsvarlege tilhøve.

Ved tidsavgrensa stenging kan barnehagen gjevast ein ny frist for retting. Dersom tilhøva tilseier det, kan stenging iverksetjast utan foregåande pålegg om retting. Villkåret er då at tilhøva ikkje lar seg rette eller at ein ikkje kan vente på retting. Dette kan bli gjort i tilfelle der tilhøva er så uforsvarlege at ein av omsyn til barna sin sikkerheit ikkje kan vente på at drifta skal bli forsvarleg.

Vedtak om stenging skal sendast statsforvaltaren til orientering. Vedtak om retting og stenging, og vedtak om å nytte økonomiske reaksjonsmidlar, kan påklagast statsforvaltar.

### Feil i endeleg tilsynsrapport

Dersom barnehagen eller barnehagemyndede oppdagar feil i endeleg rapport, må barnehagemyndede korrigerer tekst og oversende korrigert versjon av rapporten. Dersom barnehagen si tilbakemelding avdekkjer at det er eit eller fleire nye brot på regelverket, må barnehagen få høve til å uttale seg om det nye tilhøvet, jf. [forvaltningsloven § 16](#).

### Publisering og innsyn i tilsynsrapporten

Endeleg tilsynsrapport vert offentleg tilgjengeleg seinast to veker etter at den er sendt til barnehagen. Etter utsending ventar kommunen minst tre dagar med å publisere, slik at barnehagen får høve til å lese rapporten.

Tilsynsrapportane er offentlege dokumenter, og alle interesserte skal i utgangspunktet kunne lese om tilsynsresultata. Alle opplysningar som er underlagt teieplikt kan likevel unnatakast, jf. [offentlighetsloven § 13](#), jf. [forvaltningsloven § 13](#).

### Ny vurdering av risiko etter avslutta tilsyn

Etter at eit tilsyn er avslutta, skal barnehagemyndede vurdere risiko knytt til den konkrete barnehagen det er ført tilsyn med. Ei vurdering skal gjerast ved alle tilsyn. Barnehagemyndede må vurdere korleis situasjonen er i barnehagen etter tilsynet, og kva tilsynet har hatt å seie for den samla risikoen i kommunen. Informasjonen barnehagemyndede sit igjen med etter eit tilsyn, får betydning for komande risikovurderingar. Barnehagemyndede kan ha oppdaga andre tilhøve som fører til at barnehagen får høgare risiko på eit annet tema, eller ein kan ha funne systemiske svakheiter hjå barnehagen som tilseier at det er høg risiko på fleire områder. Barnehagemyndede må følgje opp barnehagen på same måte som for andre barnehagar i løpande risikovurderingar.

### Evaluering av gjennomført tilsyn

Ved å evaluere og vere opne for tilbakemeldingar, vidareutviklar og forbetrar barnehagemyndede tilsyna til å bli meir effektive og treffsikre. Barnehagemyndede skal evaluere eigne gjennomførte tilsyn. Evaluering vert gjennomført ved å gjennomgå dei ulike fasane og oppgåvene som høyrer til for å vurdere kva som kan lærast av kvart einskild tilsyn.

Spørsmål barnehagemyndede kan bruke i evalueringa er:

- Traff tilsynsystemet den risikoen barnehagemyndede meinte låg føre?
- Fungerte kontrollspørsmåla?
- Fungerte kontrollskjema?
- Ba barnehagemyndede om rett type informasjon og dokument i opningsbrevet?
- Var barnehagemyndede godt nok budd til det stadlege tilsynet?
- Forsto barnehagen tilsynsrapporten og pålegg?
- Held barnehagemyndede seg innafor planlagt tid, eller tok tilsynet meir tid enn venta?



Barnehagemynde kan invitere barnehagar til å gje tilbakemelding på korleis dei opplevde tilsynet. Barnehagemynde kan be om svar på konkrete spørsmål, eller dei kan be om ei meir fri tilbakemelding. Alternativt kan barnehagemynd ha eigne møte med barnehagane for å drøfte gjennomføringa av tilsynet.

### Maler og dokument for tilsyn

Alver kommune har utarbeidd maler som skal nyttast ved tilsyn av barnehagar. Malane skal nyttast ved alle tilsyn. Arkivverdige dokument som høyrer til tilsynet skal lagrast i saks- og arkivsystem.

Malane byggjer i stor grad på Utdanningsdirektoratet si metodehandbok for tilsyn.